



VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR I MELAND KOMMUNE.

1) **EIGARTILHØVE OG TILBOD.**

Barnehagar eigd av Meland kommune skal drivast i samsvar med "Lov om barnehagar med forskrifter", kommunale vedtak og plan for dei einskilde barnehagane.

Barnehagen skal så langt tildelte ressursar gjev høve til, vera open for alternative løysingar.

Barnehagane skal først og fremst ivareta borna sine behov. Desse behova er igjen nært knytta til foreldra sine livsvilkår og samfunnsutviklinga.

2) **POLITISK STYRINGSORGAN - ADMINISTRATIV TILKNYTING.**

Utval for levekår er politisk styringsorgan for barnehagane i kommunen. Barnehagane er administrativt knytta til Kommunalavdeling for kultur og oppvekst. Møta i Utval for levekår er opne for publikum under handsaming av generelle barnehagesaker, såframt ikkje bestemmelsane i §21 om teieplikt er gjeldande

3) **FØREMÅL.**

Er i samsvar med forskrifter til Lov om barnehagar m.v. §1 av 01.08.10.

"Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene."

4) **FORELDREMEDVERKNAD OG SAMARBEIDSUTVAL.**

For å sikre samarbeidet med heimane til borna, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Samarbeidsutvalet er slik samansett: Foreldre/føresette og tilsette i barnehagen slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehageeigaren kan delta etter eige ønskje, men ikkje med fleire representantar enn kvar av dei andre gruppene.

I Meland kommune har dei kommunale barnehagane ein politisk representant med i Samarbeidsutvalet. Representanten skal frå år 2000 veljast av og blant medlemene i Utval for levekår.

Møte i samarbeidsutvalet vert halde etter behov. I samråd med styrrar for barnehagane kallar formannen inn til møte med minst ei veker varsel.

Det skal førast protokoll for kvart samarbeidsutvalmøte.

Styrrar er sekretær for samarbeidsutvalet og har møte,- tale- og forslagsrett.

Representanten for dei tilsette og foreldra vert vald for 1 år om gongen.

Kommunen sin representant vert vald for 4 år om gongen.

5) **OPNINGSTID.**

Administrasjonen for kultur og oppvekst avgjer i samråd med styrrar, opningstida for kvar einskild barnehage. Dei kommunale barnehagane gjev tilbod 12. mnd i året.

Administrasjonen ved kultur og oppvekst avgjer i samråd med styrrarane korleis barnehagetilbodet skal organiserast i feriane.

Tilbodet skal imøtekomme brukarane sin trong for barnehagetilbod, innanfor økonomiske rammar, og forsvarleg pedagogisk kvalitet.

Det er 11. mnd foreldrebetaling i dei kommunale barnehagane.

Den betalingsfrie månaden må avviklast såleis:

Tre av ferievekene takast i same tidsrom som skulen sin ferie. Den fjerde veka må avtalast i god tid med styrar i barnehagen, og det er ei føremon at heile veka vert teken ut samtidig.

Jule- og nyttårsaftan er barnehagane stengde.

Onsdag før skjærtorsdag er barnehagane opne til kl. 12.00.

Barnehagane i Meland har 5 planleggings dagar i barnehageåret. Desse dagane er barnehagane stengde.

6) **BETALINGSSATSAR.**

Dei kommunale barnehagane følgjer dei nasjonale satsane for foreldrebetaling og søskenmoderasjon.

7) **OPPTAKSMYND.**

Avgjerd om opptak vert gjort av eit opptaksutval som er oppnemnd av rådmannen. Ein repr. frå barnevernstenesta har møte- og uttalerett.

Styraner i dei kommunale barnehagane har forslags- og uttalerett, og innstiller til opptaket.

Administrasjonen føretek suppleringsopptak til plassar som vert ledige i løpet av barnehageåret. Styraren i barnehagen gjev innstilling.

8) **OPPTAKSPERIODE - OPPSEIINGSTID.**

Opptak av barn vert gjort etter kommunen sine retningslinjer, og gjeld frå 1. august det året barnet vert teke opp.

Barna vert rekna for å vera 3 år det kalenderåret dei fyller 3 år.

Ved opptak av barn i barnehagen, må heile barnehagegruppa vurderast slik at det vert ein rimeleg fordeling av alderen på barna.

Alle barn som har fått barnehageplass i dei kommunale barnehagane har rett på fast plass inntil skulestart, eller til plassen vert sagt opp.

Barn som får tildelt plass elles i barnehageåret, skal ha fast plass vidare.

Barn som søker utvida plass, eller ønskjer overføring til ny barnehage neste barnehageår beheld den plassen dei alt disponerer, dersom dei får avslag på utviding/ending.

Ved søknad om endra plass, stiller dei på lik linje med nye søkerar.

Det vert sett av to plassar i kvar barnehage til klagehandsaming. Desse vert tildelt når klagefristen er ute.

Søknad om opptak skal sendast på fastsett skjema til kultur og oppvekstetaten etter offentleg utlysing med søknadsfrist.

Oppseiingstid for barnehageplass er 2 månader rekna frå den datoen oppseiinga vert motteken av Meland kommune. Dersom plassen vert sagt opp etter 1. april, må ein likevel betala ut barnehageåret.

Betaling skal skje innan 15. i kvar måned. Manglande betaling i 2 månader, fører til at ein misser barnehageplassen om ikkje anna vert bestemt.

Permisjon frå barnehageplass.

Administrasjonen får fullmakt til å gje permisjon frå tildelt barnehageplass. Permisjonssøknaden skal vurderast i kvart enkelt tilfelle og kan gjevast for minst 1/2 år om gongen, og maksimum for 1 kalenderår om gongen.

9) **OPPTAKSKRINS FOR DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE I MELAND**

Opptakskrins for dei kommunale barnehagane er barn som er busett i Meland kommune

10) **OPPTAKSVILKÅR.**

” Lov om barnehagar styrer opptaket til dei kommunale barnehagane. Kommunen er opptaksmynde.

Opptakskrins: Barn busette i Meland kommune vert prioriterte ved opptaket.

§ 12a. Rett til plass i barnehage.

”Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå august i samsvar med denne loven medforskrifter.

Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen det er bosatt i.”

I samsvar med Lov om barnehagar §13 skal barn med nedsett funksjonsevne og barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester ha prioritet ved opptak i barnehagen.

Kommunen tek omsyn til følgjande andre grupper:

Rekkefølgja mellom gruppene er prioritert.

☐☐Søsken

☐☐Einslege forsyttarar i arbeid eller under utdanning

☐☐Barn med innvandrar eller minoritetspråkleg bakgrunn.

☐☐Tilråding frå fagkunnig instans.

☐☐Omsyn til 5- åringar.

☐☐Grupperansetjing. Det må vere balanse i alder i gruppa. Eks: Dersom gruppa berre har ein fireåring, vil ein annan fireåring frå ventelista verte prioritert.

For ventelista utanom desse kriteria, gjeld tildeling av plass i høve til rangering i hovedopptaket etter fødselsdato. Søkjarlista vert delt inn i to grupper for plasstildeling til ledige plassar. Ei for born over og ei for born under tre år.

Dersom to born står likt, vil det verte plasstildeling ved loddtrekning.

Ved tildeling av plass etter hovudopptaket, vil ventelista verte rangert etter søkjardato. På denne måten sikrar ein at dei som har stått lengst på ventelista får tilbod om plass dersom dei ikkje får prioritet etter andre kriterier.

Barn frå andre kommunar som får plass/ eller dersom dei flyttar til annan kommune vil ha plass i barnehagen for eitt barnehageår om gangen. Dei må dermed søkja på nytt neste år.

11) **KLAGEINSTANS.**

For vedtak gjort av opptaksutvalet, er den kommunale klagenemnda klageinstans, eller den det ev. vert gjeve fullmakt til.

12)

TEIEPLIKT.

§21 Teieplikt.

For verksemder etter denne lov, gjeld reglane om teieplikt i forvaltningslova §13.

Medlemmene i Komité for kultur og oppvekst, styrar for barnehagane, tilsette i administrasjonen og barnehagane, har teieplikt om ting dei vert gjort kjende med gjennom verva sine.

13)

AREALUTNYTTING.

Meland kommune har som minstenorm 4 m² netto leike- og opphaldsareal pr. barn for over 3 år og som har opphaldstid over 30 timar.

Som eit utgangspunkt bør det reknast om lag 1/3 meir areal til leike- og opphaldsrom pr.barn under 3 år enn det norma tilrår.

Med leike- og opphaldsareal, meiner ein det arealet som reelt står til rådvelde for barnehagen sine aktivitetar. Normalt inngår følgjande rom i borna sine leike- og opphaldsareal:

- Borna sin garderobe
- Leikerom
- Andre rom for borna sine aktivitetar som grupperom, aktivitetsrom og sove/kvilerom.

14)

UTEAREAL.

Borna sitt leikeareal ute bør ikkje vera mindre enn om lag seks gonger leike- og opphaldsareal inne.

Godkjent i Meland kommunestyre 08.02. 2012